



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Sjukepleiar - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Meland heimeteneste har ledig 100% fast stilling som sjukepleiar. Stillinga er satt saman av 60% fast turnus og 40% knytt mot vakter som fast vikar.

Vi ser etter ein sjukepleiar som trivst i eit hektisk miljø, og er open for nye utfordringar.

Vi forventar at du har pasienten i fokus, har interesse for heimesjukepleie og dessutan evne til å arbeide sjølvstendig og i team.

Meland heimeteneste har to kontor, eit på Frekhaug og eit på Vikebø. Det kan vere aktuelt med arbeid på begge kontora eller kun det eine. Å arbeide ved begge kontora krev fleksibilitet, men vil og gi svært varierende oppgåver.

Dessutan ynskjer vi deg som har godt humør, gode samarbeidsevner og som kan bidra til eit godt arbeidsmiljø

### Kvalifikasjonskrav

Norsk autorisasjon som sjukepleiar.

### Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 25.02.2018

Utlyst dato 07.02.2018

Vårref

19/18

### Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimeteneste, mobil: 994 97 611, [britt.romarheim@meland.kommune.no](mailto:britt.romarheim@meland.kommune.no)